



Notat

Dato: 30.06.2014
Arkivsak: 2014/862-10
Saksbehandlar: ragskj

Til: Torbjørn Mjelstad

Frå: Ragnhild Ravna Skjærvik

Plan for korleis vi skal minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei skal kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet

Bakgrunn

Fylkestinget bad i møte 10. – 11.12.2013, sak 87/13 fylkesrådmannen om å syte for følgjande:

- Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet.

Bakgrunnen for vedtaket er forvaltningsrevisjonsrapporten «Fagopplæring i Hordland fylkeskommune».

Fylkesrådmannen har laga ei handlingsplan (sak 2014/862) som svar på bestilling. Handlingsplanen seier følgjande om det ovannemnde tiltaket.

9	<i>Lage ordningar for jamleg å minne lærlingar om kva rettar dei har og kven dei kan kontakte dersom dei opplever problem i læreforholdet</i>	Plan ferdig innan 30.6.14. Iverksetting av tiltak frå 2015.	Følgjande tiltak kan vere aktuelle: <ul style="list-style-type: none">• Samarbeid med opplæringskontora om informasjonsmøte for nye lærlingar• Fagopplæringskontoret arrangerer årlege informasjonsmøte for nye lærlingar utanfor oppl.kontor• Kartlegge om lærlingombod kan vere ei føremålstenleg ordning	Fylkesdir. opplæring
---	---	--	---	----------------------

Plan for systematisk arbeid med informasjon til lærlingar

Oppsummert inneheld planen

- Samarbeid med opplæringskontor om informasjonsmøte for nye lærlingar
- Elev- og lærlingombod
- Informasjon til lærlingar om rettar og plikter

Samarbeid med opplæringskontor om informasjonsmøte for nye lærlingar

Eit stort tal av lærekontraktane vert teikna gjennom opplæringskontor. Mange opplæringskontor har informasjonsmøte med lærlingane ved oppstart av læretida og i løpet av læretida. Dette er ein arena kor det er naturleg å gje informasjon til lærlingane.

Fagopplæringskontoret vil at opplæringskontora skal syte for at lærlingane blir informert om rettar og plikter. Arbeidsutvalet for opplæringskontora er ein arena å drøfte korleis dette skal gjerast i praksis. Arbeidet må sjåast i samanheng med informasjonsmateriellet som skal utviklast.

Kartlegging av rutineane til opplæringskontora skal vera ferdig innan 1.11.2014.

Rutinar for informasjonsarbeidet til opplæringskontora skal vera på plass innan 1.1.2015.

Ansvar: Fagopplæringsssjefen

Elev- og lærlingombod

I dag er det elev- og lærlingombod i 17 av 19 fylker i Noreg. Hordland fylkeskommune og Troms fylkeskommune har ikkje elev- og lærlingombod.

Kunnskapsdepartementet skriv dette om elev- og lærlingombod:

«Ombudet skal ivareta elever og lærlingers interesser, og bidra til at de blir mer aktive og bevisste i forhold til sin egen opplæringsituasjon. Samtidig arbeider ombudet for at elevene og lærlingene skal få større innflytelse på sin egen opplæring.»

Elev- og lærlingombud er fylkeskommunale [ombud](#) for elever og lærlinger i videregående opplæring. Ombudenes oppgaver i dag er først og fremst å gi informasjon til elever om rettigheter og plikter holde kurs og foredrag for elevråd og Elevorganisasjonen og gi elevene hjelp til selvhjelp. Elev- og lærlingombudene i Norge (ELON) utgjør i dag et fagnettverk som treffes to til tre ganger i året. Ombudene er ansatt i de respektive fylkeskommunene.

- www.elevombudene.no

Det anbefales at det opprettes elev- og lærlingombud i alle fylker.»

Det er eit mål å få på plass elev- og lærlingombod i Hordaland innan 2015. Saksutgreiinga skal vera ferdig innan 1.10.2014.

Ansvar: Fagopplæringsssjefen

Informasjon til lærlingar om rettar og plikter

Fagopplæringskontoret kan arrangere årlege informasjonsmøter for alle nye lærlingar utanfor opplæringskontor. Det vil vera ressurskrevjande å gjennomføre informasjonsmøter. Det er av den grunn naturleg at ein i tillegg og ser på andre kanalar for å informere lærlingar om rettar og plikter.

Aktuelle informasjonskanalar kan vera:

- Utvikle elektronisk informasjonsportal (e-learning)
- www.hordaland.no
- Facebook: Lærling i Hordaland
- Skriftleg informasjon til lærlingar ved godkjenning av lærekontrakt
- Delta på yrkesmesser
- Besøk hjå ungdomsskular og vidaregåande skular

Det må utviklast informasjonsmateriell som skal nyttast i informasjonsarbeidet.

Plan for kva kanalar ein skal nytta til å informere lærlingane skal vera ferdig innan 1.10.2014.

Utkast til informasjonsmateriell skal vera ferdig innan 1.10.2014.

Informasjonsmateriellet skal vera ferdig innan 1.1.2015.

Ansvar: Fagopplæringsjefen